

# Forskrift om vatn- og avlaupsgebyr for Bokn kommune

Vedtatt av Kommunestyret den 13. desember 2022, sak 22/1444

Heimel: Lov 16. mars 2012 nr. 12 om kommunale vass- og avløpsanlegg § 3 og forskrift 1. juni 2004 nr. 931 om avgrensing av forurensning § 16-1 annet ledd. Normalreglementet; Administrative og tekniske bestemmelser for Standard abonnementsvilkår for vann og avløp.(KS)

Kapittel 1. Generelle bestemmelsar.

## §1-1. Føremålet med forskrifta

Forskrifta gir bestemmelsar om berekning og innbetaling av dei gebyr som abonnentane skal betale for dei vatn- og avlaupstenestene kommune leverer. Avlaupstenesta omfattar også kommunal tømming av septiktankar og overvatn.

## § 1-2. Definisjonar

I denne forskrifta betyr:

- a. Eigedom: Fast eigedom som er definert med eit eige gards- og bruksnummer, festenummer og/eller seksjonsnummer i matrikkelen. Seksjon etablert i samsvar med lov om eigarseksjonar vert rekna som sjølvstendig eigedom.
- b. Abonnent; Eigar av eigedom som er kopla til kommunen si vassforsyning- og/eller avlaupsanlegg, eller som er godkjent, eller kor tilknytning er kravd ihht. PBL §§ 27-1 og 27-2. Same gjelder festar av eigedom der festeavtalen ikkje er registrert i grunnboka (tinglyst), men der festaren eig dei bygningar som er plassert på tomta, og utøver festerett slik som det går fram av lov om tomtefeste. For festeavtaler med kort festetid (feste til anna enn bustad og fritidsbustad, kan det være avtala at annan enn festar skal være abonnent. For næringsseigedomar definerast næringsføretak med eige organisasjonsnummer som abonnent.
- c. Abonnement: Avtale mellom abonnent og kommunen om vassforsyning- og eller avlaupstenester gjennom tilknytning til kommunen sitt vass- og avlaupsanlegg. Avtalen treng ikkje å vera skriftleg. Avtale om tilknytning via privat fellesledning vert rekna som abonnement.
- d. Sanitærinstallasjonar; Røyr, installasjonar og utstyr innafor yttervegg i bygg, som abonnenten eig, og som er knytt til kommunalt vatn og/eller avlaup.
- e. Privat vass- og avlaupsanlegg: Private leidningar (stikkleidningar) og utstyr som abonnenten eig, utafor yttervegg i bygg.
- f. Avlaupsvatn; Sanitært og industrielt spillvatn samt overvatn.
- g. Bygg/bygning; Konstruksjon/byggverk med eige bygningsnummer i Matrikkelen.
- h. Brukseining; Bygning eller del av bygning ( lokale), for eksempel bustad, kontoreining, verkstad og lager.
- i. Bueining; Alle tilknytte bueiningane som er oppført i Matrikkelen og/eller eigedomsskatteregisteret er gebyrpliktige. Bueining er ei sjølvstendig bueining som har tilgang til alle nødvendige romfunksjonar (dvs. stove, kjøkken, soverom, bad og toalett) ei bueining kan vera del av ein større bustad eller bygning
- j. Bustadeigedom; Eigedom med bygg som vert brukt til bustadformål

- k. Fritidseigedom; Eigedom kor alle bygg er registrert som fritidsbustad i matrikkelen.
  - 1. Fritidsbustad; Registrert i matrikkel med bygningstype 161 – 163 etter NS-3457
  - 2. Naust; Registrert i matrikkel med bygningstype 183 etter NS-3457
- l. Kombinasjonseigedom; Eigedom med ein eller fleire bueiningar, og ein eller fleire brukseiningar som ikkje er bustad, for eksempel landbruksbygg, bygg for fiskeri, næringsbygg og liknande
- m. Næringsseigedom; Eigedom som ikkje er bustad- eller kombinasjonseigedom. Gardsbruk, fiskeribruk, næringsbygg og bygg for offentlege formål vert klassifisert som næringsseigedom
- n. Bruksareal (BRA); Bruksareal for eigedom som er registrert i Matrikkelen og utrekna med utgangspunkt i NS-3940
- o. Symjebasseng; Utvendige boblebad, badestampar ol.l. med mindre fyllevolum enn 4 kubikkmeter vatn vert ikkje definert som symjebasseng

### § 1-3. Generell gebyrplikt

Plikt til å betala vass-, og/eller slam-/ avlaupsgebyr gjeld fylgjande abonnentar;

- a. Fast eigedom som er knytt til kommunal vass- og/eller avlaupsleidning, direkte eller gjennom privat samleleidning.
- b. Eigedom som kommunen i medhald av PBL §§ 27-1, 27-2 eller § 30-6 har kravd tilknytt kommunal vass- og eller avlaupsleidning.

### § 1-4. Gebyrtypar;

Gebyrtypar er;

- a. Eingongsgebyr for tilkopling til vatn og/eller avlaup ((tilknytingsgebyr)
- b. Årsgebyr for vatn, slam og avlaup.
- c. Gebyr for leige av vassmålar
- d. Gebyr for ikkje utførte pålegg

I tillegg kan kommune krevje betaling etter standardiserte satsar for kommunen sine kostnader ved avlesing av vassmålar, samt avstenging og tilkopling av vassforsyning.

### § 1-5. Gebyr og betalingsatsar;

Gebyrsatsane vert fastsett årleg av kommunestyret og trer i kraft frå det tidspunkt kommunestyret bestemmer. Gebyra skal fullt ut dekke dei kommunale kostnadene ved levering av tenestene som er regulert av denne forskrifta. Gebyr- og betalingsatsar står i gebyrregulativet og kan finnast på kommunen sine heimesider.

### §1-6. Berekning av areal

I den grad fastsetjing av gebyr skal vera avhengig av størrelsen på bygget, er bruksarealet (BRA), utrekna etter NS-3940, grunnlaget for fastsetjinga av gebyr.

Som grunnlag for berekning av gebyr tar kommunen utgangspunkt i opplysningar i matrikkelen. Opplysningane skal korrigerast dersom dei er feil.

Dersom opplysningane om eigdommen i matrikkel har manglar, kan kommunen estimere arealet basert på bygningstype. Abonntenen kan sjølv skaffe dokumentasjon på eigdommen sitt gebyrpliktige areal.

## Kapittel 2. Gebyr for tilknytning

### § 2-1. Gebyrplikt

Heimelshavar/festar/seksjonseigar av bueining som vert knytt til kommunalt vass- og eller avløpsnett skal betale tilknytingsgebyr.

Gebyr for tilknytning til kommunalt vass- og/eller avlaupsanlegg skal betalast for;

- a. Tilknytning av bygg
- b. Tilknytning av eigedom/bygg som kommunen krev tilknytning
- c. Eigedom/bygg med tilknytning som ikkje er godkjent
- d. Frådeling av eigedom/nytt bygg på tidlegare bebygd eigedom

For bygg som har fleire bueiningar eller næringseiningar som er eigne eigarseksjonar skal det betalast tilknytingsgebyr for kvar eining.

Den fyrste einingane = 1 N

Frå og med 2 eining = ½ N

N er tilknytingsgebyret som er vedtatt i gebyrreglementet,

Tilknytingsgebyr for vatn og/eller avlaup skal ikkje krevjast for

- a. Ved riving og oppføring av nytt bygg på eigedomen, skal det ikkje betalast nytt eingongsgebyr for tilknytning, så sant talet på bueiningar (eigarseksjonar) ikkje vert auka.
- b. Hybel/sokkelleilighet i ein bustad vert ikkje rekna som sjølvstendig bueining.
- c. Tiltak med utviding av eigdommen si gebyrpliktige bruksareal etter 1-6
- d. Bygg som har mellombels tilknytning i opptil to år, eksempelvis brakkerigg. Dersom tilknytninga varer meir enn 2 år skal det krevjast gebyr.
- e. Anneks til hytte som høyrer saman med fritidsbustad når arealet på anneks er under 40 m<sup>2</sup>.

### § 2-2 Utforming av gebyret

Tilknytingsgebyret er eit eingongsgebyr og skal betalast etter fastsette kategoriar i gebyrregulativet. Dersom kommunen overtar privat vass- og/eller avlaupsanlegg kan kommunen fastsetje særskild sats i det enkelte tilfellet.

For bustadeigedom skal tilknytingsgebyret vera eit fast beløp per bueining

For næringseigedom skal tilknytingsgebyret vera eit fast beløp per brukseining / eigarseksjon

For kombinasjonseigedom skal det betalast gebyr for kvar del etter reglane over.

### § 2-3 Ansvar og betaling

Den som er abonnent på det tidspunkt gebyrplikt oppstår er ansvarleg for betaling av gebyret med den satsen som gjeld på det tidspunktet. For eksisterande bygg eller eigedom med tilknytning som ikkje er godkjent er gebyret gjeldande sats på det tidspunkt krav om tilknytning vert bestemt.

## Kapittel 3. Årsgebyr

### § 3-1. Gebyrplikt

Årsgebyr skal betalast for alle eigedommar som:

- a. Er knytt til kommunal vatn- eller avlaupsanlegg
- b. Er gebyrpliktig etter § 1-3 fyrste ledd bokstav b

Årsgebyret vert rekna frå den dato det er gitt mellombels løyve til bruk, eller den dato då eigdommen vert tatt i bruk (ferdigattest). Gebyrplikta er uavhengig av om det er tappekran ute eller om det er innlagt vatn.

### § 3-2. Korleis gebyret er sett saman:

Årsgebyret for vatn og avlaup:

- a. Abonnementgebyr (fast sats)
- b. Forbruksgebyr (variabel sats) vassmålar eller stipulert i hht BRA.

Inntektene frå gebyra skal fortrinnsvis dekkja vatn og avlaupstenestene sine forventa kostnader. Kor stor del av årsgebyret som skal vera fast og variabel del vert fastsett årleg i gebyrregulativet.

### § 3-3. Abonnement gebyr

Abonnement gebyret er avhengig av type eigedom/bueining:

- a. Bustad- og fritidseigedom skal betale gebyr som ein fast sats pr. bueining. Alle bustad og fritidsbustader skal betale minst eit abonnements gebyr uavhengig av bueiningar.
- b. Næring- og kombinasjonseigedomar skal betale gebyr etter fastsette kategoriar som speglar forsyningskapasiteten til den enkelte eigedom. I ein overgangsfase før vassmålar er installert hjå alle abonnentar skal bustadbygg og fritidsbygg på kombinasjonseigedom betale gebyr pr bueining, mens næringsbygg på kombinasjonseigedom skal betale gebyr etter fastsett kategori som speglar kapasiteten på vassforsyninga for næringsbygget. Kategorien går fram av gebyrregulativet.
- c. Bygg kor kommunen har godkjent at fleire eigedomar kan dele vassmålar, skal betale gebyr som ein fast sats pr. brukseining.

### § 3-4 Forbruksgebyr

Abonentane skal betale forbruksgebyr etter målt eller stipulert forbruk av vatn i m<sup>3</sup>. Dersom forbruksgebyret vert fastsett ut frå målt forbruk kan dette ikkje reverserast slik at forbruket vert berekna etter stipuler forbruk. Det vert ikkje gitt redusert gebyr for storforbruk av vatn. Som hovudregel gjeld at mengde avlaup er lik mengde av vatn.

### § 3-5. Betaling etter målt forbruk.

Forbruksgebyr skal betalast etter målt forbruk. Fylgjande eigedomar skal betale etter målt forbruk og ha vassmålar installert:

- a. Næringseigedom, fiskeri, inklusiv bygg for offentleg bruk.
- b. Kombinasjonseigedom, inklusiv eigedomar med ein eller fleire bueiningar samt ein eller fleire bygg for næring, fiskeri eller landbruk. Inntil vassmålar er installert hjå alle abonnentar kan bustadbygg på kombinasjonseigedomar bli stipulert, dersom ikkje kommunen krev at vassmålar skal installerast.
- c. Anlegg med varig eller mellombels tilknytning i forbindelse med oppføring av bygg eller anlegg. Dette gjeld også for anlegg på ein ubebygd eigedom som kunne vore kravd knytt til etter PBL |27-4 eller § 27-2 dersom den hadde vore bebygd.
- d. Eigedom med symjebasseng eller andre former for vassreservoar.
- e. Naust med tappekran ute.

Inntil vassmålar er installert kan kommunen fastsetje eit stipulert forbruk

For mellombels tilknytning kan kravet om vassmålar fråvika dersom vassforbruket kan fastsetjast på andre måtar.

Gardsbruk, bustad- og eller fritidsbustader kan få installert vassmålar dersom dei ynskjer det.

### § 3-6. Betaling etter stipulert forbruk

For eigedom kor vassmålar ikkje er installert vert det berekna stipulert forbruk. Forbruket vert berekna ut frå bygget sitt bruksareal jmf. § 1-6 multiplisert med ein faktor for vassforbruk pr. m<sup>2</sup> bruksareal. Faktoren går fram av gebyrregulativet. Kommunen kan fastsetja særskilde faktorar for ulike kategoriar for eigedom.

Kommunen kan fastsetje eit system for frådrag i bruksarealet for at stipulert forbruk skal vera tilnærma reelt forbruk. Systemet for frådrag vil i så tilfelle gå fram av gebyrregulativet.

### § 3-7. Reduksjon eller tillegg til årsgebyr.

Restriksjonar på forbruk av vatn eller avbrot på forsyning av vatn, gir ikkje grunnlag for reduksjon av gebyr. Utflytting eller fråvær gir ikkje grunnlag for reduksjon av gebyr. Er bygget på eigedommen fjerna eller øydelagt slik at det ikkje kan brukast, skal årsgebyret betalast inntil vassforsyninga er fjerna/avstengt. Ved søknad om fritak kan kommunen gi fritak når eigedommen/bygget fysisk er kopla frå leidningsnett. Abonnementet stoppar når abonnenten har betal stengingsgebyret.

### § 3-8 Reduksjon av gebyr i samsvar med forbrukarkjøpslovens sine reglar om prisavslag.

Abonnenten har rett til reduksjon i gebyr ved feil eller mangel ved vassforsyninga i medhald av forbrukarkjøpslova sine reglar om prisavslag. Abonnenten har rett til redusert forbruksgebyr dersom ikkje varsla avbrot i vassforsyninga varer i meir enn 24 timar. Krav om redusert gebyr må setjast fram innan to månader etter at forholdet oppstod, dersom ikkje kommunen har fatta eige vedtak om gebyrreduksjon. Sats for gebyrreduksjon vert fastsett i gebyrregulativet.

### §3-9. Pålegg om utbetring

Kommunen kan krevje å få dekkja alle kostnader som har direkte samband med tiltak som må gjerast fordi abonnenten ikkje har utført pålegg om å utbetre lekkasjar/ulovlege tiltak på eigedomen sin vassleidning, eller manglar ved avlaupsanlegg eller sanitærutstyr. Ved omlegging eller utbetring av leidningar for avlaup kan kommunen krevja at eigar av tilknytt stikkleidning utfører tilsvarande utbetring eller utbetring. Gebyrpliktig som ikkje utfører pålegg om utbetring av lekkasjar som fører til forureining kan få tvangsmulkt etter forureiningslova § 73.

### §3-10 Ansvar for opplysningar om abonnement.

Abonnenten skal melde frå til kommunen om endringar i abonnementforholdet.

### § 3-11. Ansvar for gebyra.

Abonnenten har ansvar for betaling av årsgebyret sjølv om kravet er retta mot annan mottakar av rekninga. Abonnentar som samarbeider om felles vassmålar har eit solidarisk ansvar for gebyra. Gjelder slikt samarbeid eit sameige etter eigarseksjonslova, er kvar abonnent ansvarleg for ein del av gebyret i samsvar med sin eigarandel dersom ikkje anna fordeling er fastsett i sameiget sine vedtekter eller bindande avtale i sameiget.

### § 3-12. Retting av berekna gebyr.

Har mangelfulle eller feile opplysningar ført til feil i gebyrberekninga skal berekninga bli retta og differansen gjerast opp. Krav som er forelda etter foreldelseslova sine reglar vert normalt ikkje retta.

### § 3-13. Eigedom utan godkjent tilknytning eller frå kopling.

Er tilknyttinga ikkje godkjent av kommunen skal abonnenten betale gebyr frå og med det tidspunkt tilknyttinga er gjort. Slik berekning betyr ikkje at kommunen har godkjent tilknyttinga.

## Kapittel 4. Reglar for installasjon og bruk av vassmålar.

### § 4-1. Målartypar

Reglane for vassmålarar gjeld også for eventuelle avlaupsmålarar. Reglane gjeld for vass-/avlaupsmålarar med fjernavlesing så langt dei passar.

### § 4-2. Installasjon

Installasjon av vassmålar skal utførast av godkjent føretak. Målaren skal plomberast etter installasjon og kan berre opnast av personell frå kommunen eller den som kommunen gir mynde.

Kommunen vedtar kor mange vassmålarar den enkelte abonnent skal ha, samt type, storleik og plassering av målaren. Dersom eksisterande eigedom ved vassmålar blir oppdelt i nye eigedomar, skal kvar av dei nye eigedomane ha eigen vassmålar. Abonnentar kan samarbeide om felles vassmålar der det vil vera forholds messig kostbart å installere eigen vassmålar for kvar eigedom. Årsgebyr vert fordelt på abonnentane etter reglane i § 3-11, 2.ledd. Pålagt vassmålar for ny eigedom skal vera installert seinast når det vert gitt mellombels løyve til bruk, eller når eigedomen vert tatt i bruk, og for eksisterande eigedom når den vert knytt til. Gjer ikkje abonnenten dette skal det betalast stipulert gebyr etter § 3-6.

### § 4-3 Reglar for vassmålar

- a. Brot av plombering eller demontering av vassmålar utan avtale med kommunen vil bli meldt til politiet og abonnenten må koste ny vassmålar.
- b. Kommunen eig vassmålaren. Abonnenten får utgiftene med installering og betalar leige for vassmålaren.
- c. Utskifting av målar vert dekkja av kommunen. Dersom behovet for utskifting er forhold abonnenten har ansvar for, skal abonnenten betale utskiftinga. Kommunen kan krevje flytting av målar som er plassert i strid med kommunen sitt krav til plassering. Abonnenten må betale slik flytting.
- d. Kommunen skal ha tilgang til vassmålaren for avlesing, inspeksjon og kontroll. Abonnenten skal føre tilsyn med vassmålaren. Abonnenten har også ansvar for å fylgje med på utviklinga av forbruket slik at lekkasjar eller feil vert oppdaga så snart som mogeleg. Blir en målar borte eller skadd, skal eigar straks melde dette til kommunen. Er plomberinga av målaren broten reknast det som skade.
- e. Montert vassmålar må ikkje bli fjerna utan at kommunen har gitt samtykke. Kommunen har rett til å krevja full erstatning for tap eller skade på vassmålar. Abonnenten skal foreta vassmålaravlesing i etter fastsett frist, og skal sende melding om målarstand til kommunen. Ved feil eller manglande avlesing kan kommunen berekne vassmengda ved skjønn eller eigen avlesing av vassmålarstand etter timerate fastsett i gebyrregulativet. Det er tre års foreldelse på tilbakebetaling dersom stipulert forbruk er for høgt .
- f. Både kommunen og abonnenten kan krevje nøyaktighetskontroll av vassmålar. Kontrollen skal gjerast med måleutstyr og prosedyrar for måling som er godkjent av Justervesenet. Ved målefeil større eller lik 5%, skal kommunen dekkja kostnaden ved nøyaktighetskontroll. Ved feil mindre enn 5%, betalar abonnenten utgiftene når kontrollen er krevd av abonnenten.
- g. Dersom en nøyaktighetskontroll viser feil på meir enn 5 %, skal årsgebyret for føregående år bli retta og eventuell utskifting av målar skje utan kostnad for abonnenten. Er plomberinga

broten har abonnenten ikkje krav på tilbakebetaling. Krav som er forelda etter reglar om foreldelse av fordringar, vert ikkje dekka.

- h. Ved eigarskifte mellom to avrekningsperiodar er seljar og kjøpar sjølv ansvarleg for å gjera opp kommunale gebyr seg i mellom. Det er registrert eigar som til ei kvar tid er ansvarleg for gebyr på eigedommen, også ikkje-betalte kommunale gebyr som høyrer til tidlegare eigar.

## Kapittel 5. Innbetaling av årsgebyr

### § 5-1. Innbetaling

Krav på årsgebyr er sikra med pant i eigedommen etter pantelova § 6-1. Gebyra kan krevjast inn av kommunen etter reglar for innkrevjing av skatt. Abonnement- og forbruksgebyr vert kravd inn på felles faktura. Når ein abonnent får installert vassmålar gjeld reglane for stipulert årsbruk fram til dato for installasjon av målar under føresetnad om at den er godkjent av kommunen etter reglane i § 4-2. Faktura vert sendt til abonnent eller til annan mottakar av rekninga etter avtale. Eigedommar med felles vassmålar og som har avtale med kommunen om felles fakturering, vert fakturert via ein eigar/festar av eigedommen eller med særskild avtalt mottakar. Gebyrregulativet fastset kor mange terminar årsgebyret skal ha.

### § 5-2. Manglande innbetaling

Dersom årsgebyret ikkje er betalt innan ein månad etter at den gebyrpliktige har mottatt 2. gongs varsel om innbetaling, kan kommunen stenge den kommunale vassforsyninga til eigedommen dersom ikkje kommunelegen går imot det. Kommunen kan krevje betaling for kostnadene av stenging og påsetting av vassforsyninga. Betalingssatsen ligg i gebyrregulativet.

## Kapittel 6. Andre reglar

### §6-1. Klage og omgjerung.

Det er ikkje mogeleg til å klage på gebyr som er fastsett i denne forskrifta, jamfør forvaltningslova. Enkeltvedtak i samsvar med denne forskrifta kan på klagast til særskild klagenemnd, jamfør forvaltningslova §28, 2. ledd. Gebyr må betalast innan dato for forfall sjølv om gebyrvedtaket er påklaga.

### § 6-2. Verknadstidspunkt

Forskrifta gjeld frå 1. januar 2023. Frå same tid vert tidlegare forskrifter vedr. Vatn og avlaup oppheva.